

Notat

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skreven: 20.05.05
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Hans Stenby
Saka gjeld: **Supplerande informasjon – Årleg melding**
Styresak 49/05 O
Administrerende direktør si orientering pkt. 11

Styremøte 27.05. 2005

Årleg melding frå Helse Vest RHF vart handsama i styremøte 28.02.05.
I brev av 20.04.05 gir departementet tilbakemelding på at meldinga svarer på departementet sine forventningar i høve til styringsdokument for 2004. Departementet ønskjer likevel noko tilleggsinformasjon til årleg melding. Det er knytt til:

- Omstillingstiltak
- Psykososialt arbeid for flyktningar
- Krise- og incestsentra
- Mål om å få redusert ventetida for vurderingssamtale for barn og unge til 10 dagar

Departementet si frist for tilbakerapportering var sett til 11. mai 2005.

Dette reiste følgjande formelle problemstillingar:

- korleis ivareta styrebehandling av tilleggssrapportering
- var dette nye rapporteringskrav eller gjekk dette fram av styringsdokumentet for 2004

Når det gjeld det siste forholdet inngikk ikkje desse områda direkte i rapporteringsskjemaet som lå ved styringsdokumentet i 2004. Departementet ber likevel om det.

Den mest omfattande tilleggsinformasjonen er knytt til detaljert utgreiing omkring omstillingstiltak, kva som er gjort og kva effekt har tiltaka hatt?.

Dette er informasjon som styret er godt kjent med gjennom månadleg rapportering og konkrete saker (til dømes når det gjeld omstillinga i Helse Førde HF).

Tilbakemelding på bakgrunn av dette og med omsyn til tidsfristen gitt administrativt.